



SKULEGUIDEN 13-14

VOLDA VIDAREGÅANDE SKULE MOT HØGARE MÅL

MEG

Namn:

Favorittmusikk:

Klasse:

Favorittfilm:

Adresse:

Favoritt-TV-serie:

Tlf:

Favorittfag:

E-post:

Favorittmat:

Kjæledyr:

Favorittfarge:

HELING FRÅ ELEVREDAKTØR

Dei siste seks vekene har bestått av arbeidsvilje, samarbeid, kreativitet, litt latskap og ein god del arbeid. Vi i 2MK har jobba hardt for å gjere ein enkel idé om til det produktet du står og held no: Skuleguiden 2013.

Vi har freista å markere året 2013 ved å bruke eit tidsriktig design: eit "flatt design" med lange skuggar. Dette skapar ei fancy effekt som gir maksimal komfort for *dine* auge. Utforminga av tekst og bilete gir ein heilskap som rett og slett har blitt vakker.

Skuleguiden kan både brukast som oppslagsverk og minnebok. Her finn du bilete av alle på skulen, både elevar og tilsette, og du finn informasjon om dei forskjellige utdanningsprogramma og fasilitetane på skulen. Vi vil takke alle lærarane på medielinja for rettleiing og psykisk støtte (det trengst), rektor for løyve og deltaking i diverse stunts rundt omkring skulen, og *fans* for å ha fått oss dit vi er i dag. Vonar du som sit med denne i hendene vil få nytte og glede av den!

Hugs å bla til slutten for å sjå instagrabilete, oversikt over kva som var "heitt" i 2013, heilårsplan og anna praktisk informasjon. Skriv gjerne også noko om deg sjølv, og få ei helsing frå klassekameratane dine, på dei disponerte sidene. Dette kan vere kjekt å sjå attende på i framtida!



“Skuleguiden kan både brukast som oppslagsverk og minnebok. Her finn du bilete av alle på skulen, både elevar og tilsette”

- Aleksander Myrene

HELING FRÅ ELEVRÅDSLEIAR

Etter ein lang sommarferie med mykje dårleg vér er vi igjen tilbake på skule. For somme av oss er det for siste gang. For andre er dette berre byrjinga på tre fantastiske år.

Men for at akkurat dette skuleåret skal bli eit fantastisk år er det viktig at alt er bra. Har du eit godt læringsmiljø? Har du gode arbeidsforhold? Får du dei tilboda du treng? Har du gode stolar, bra pultar, eit godt inneklima og flinke lærarar?

Elevrådet er samansett av elevar som har fått tillit av klassekameratane sine for å representere dei. Vi er her for dykk! Vi er her for å få fram sakene de meiner er viktige. Er det noko du ikkje er nøgd med, som til dømes Steinrøysa - parkeringsplassen til elevane? Eller tykkjer du det er for liten plass til å parkere sykklar?

Ta kontakt - vi er her for å hjelpe!

På elevorganisasjonen sine nettsider, www.elev.no, finn du mykje informasjon og rettleingar for korleis **di stemme** kan bli høyrte i skulekvardagen. Her kan du også lese om elevorganisasjonen sine 10 krav til den nye regjeringa.



“Elevrådet er samansett av elevar som har fått tillit av klassekameratane sine for å representere dei. Vi er her for dykk!”

- Lina Marie Bjørkedal

HELING FRÅ REKTOR

Nok eit spanande og krevjande skuleår er i gong, og tradisjonen tru har 2MK gjort eit glimrande stykke arbeid med skuleguiden. Eg har som alltid hatt glede av å smugkike på dei første versjonane, så eg har sett guiden ta form.

Eitt av ynskja eg hadde for årets skuleguide, var ei vidare reindyrking og framheving av skulen sin relativt nye logo og visjon: *Mot høgare mål*. Dette har elevane fått til på ein framifrå måte. Som rektor er eg oppteken av at vi i fellesskap byggjer ein kultur basert på solide verdiar. Mot høgare mål er vår lokale visjon, som vi alle kan sjå noko i: Som elev, som seinare skal ut i yrkeslivet – eller til høgare studium; Som tilsett, med stadige endringskrav knytt til kompetanse på ulike område, og med god kopling til fylkeskommunen sin visjon om å vere *ein tydeleg medspelar*.

Om vår skule vert oppfatta som ein god eller dårleg skule, er i stor grad bestemt av haldningane og handlingane til kvar og ein av oss. Nettopp difor er det så viktig at vi samlar oss om ein visjon vi kan vere stolte av, med kjerneverdiar som gjer skulen til ein god stad å vere – og lære. Læringslyst, innsats og inkludering er dei mest sentrale kjerneverdiane knytt til skulens visjon, og er høgst relevante både for elevar og tilsette. Det er vel så enkelt at *vi er det vi gjer*. Gjer så godt du kan, så skal eg også gjere mitt beste :)



“Eitt av ynskja eg hadde for årets skuleguide, var ei vidare reindyrking og framheving av skulen sin relativt nye logo og visjon: Mot høgare mål.”

- Trond Hjelseth

**VOLDA
VIDAREGÅANDE SKULE**

Kvar kjem
elevane frå?

Totalt 518 elevar

2 ANDRE

2 SYKKYLVEN

2 STRANDA

4 SANDE

7 ULSTEIN

4 HAREID

38 VANYLVEN

25 HERØY

201 ØRSTA

233 VOLDA

OM SKULEN

Volda vidaregåande skule er ein nyoppussa og moderne skule med tradisjonar frå over 100 år tilbake. Skulen har eit mangfald av studietilbod - noko som også skapar eit spanande og fargerikt fellesskap. Vi har ei rekkje tilbod ved skulen også utover det faglege, som gjer Volda vgs til ein svært sosial og triveleg skule.

SKULEBYGDA VOLDA

Volda er kjent både som skule- og kulturbygd, og med Kvivsvegen og Eiksundsambandet ligg Volda vidaregåande svært sentralt til i den nye storregionen.

BLA OM!

Presentasjon av skulen, kantina, biblioteket, IT-avdelinga, skulekontoret, helsesystem, rådgjevarane, reinhaldarane, vaktmeistrane, leiinga, tilsette, Volda kommune (m/kart).

VOLDA VIDAREGÅANDE SKULE

Volda vidaregåande skule sin visjon er ”Mot høgare mål”. Skulen vår skal først og fremst vere kjenneteikna av læringslyst, innsats og inkludering.



I 2010 framstod Volda vidaregåande skule i ny prakt, etter ei storstilt oppussing og modernisering.

Klasseromsfløya er totalrenovert, og i kjellaren har vi nye og moderne realfagsrom. Skulen har i tillegg **fasilitetar** som vringleareal, språklab, festsal med scene, musikkbingar, samt både foto-, lyd- og animasjonsstudio. Voldahallen fekk dessutan splitter nytt golv i 2012, og vert aktivt brukt av lokale idrettslag.

I **kantina** kan du få kjøpt billig mat og drikke som du kan nyte i den store og lyse vestibylen. Du kan også leige kortstokkar som du kan bruke i friminutt og fritimar. Skulen har eit flott **bibliotek** der ein finn fagstoff til prosjektarbeid, stilar, særømne osv. Biblioteket tilbyr også fred og ro slik at det er mogleg og gjere lekser, drive med gruppearbeid, bruke leksikon og andre oppslagsverk. I tillegg finst det eit breitt utval aviser, tidsskrift, filmar og lydbøker.

”Det var då eg følte eg byrja på vaksenlivet mitt. Det var jo her eg også møtte kona mi. Elles så har eg berre gode minne frå Volda vgs, og der var mange gode lærarar.”

- Arill Riise, nyheitsanker og programleiar på TV2

Elevane får delta på mange sosiale **arrangement**, mellom anna musikal, huskonsertar, hybelbuarkveld, lokale festivalar, samt ei rekkje framsyningar gjennom **den kulturelle skulesekken**. 16. mai kvart år er det aktivitetssdag med tautrekkingsstevling, russeshow, og uhøgtidleg fotballkamp mellom russ og lærarar, og på den tradisjonsrike Vardefesten pyntar både elevar og lærarar seg og nyt godt av mat, dans og festlege programinnslag.



VOLDA VIDAREGÅANDE SKULE



KANTINA

I vestibylen finn du kantina. Der står Cecilie og Else-Marie som sel både kald og varm mat til ein grei pris. På menyen finn du både graut, nachos, ball, lasagne m.m. Her kan du også få varma maten din, leigd kortstokk og kjøpt smertestillande. Kantinepersonalet oppmodar elevane til å finne fram kort eller pengar før dei kjem i kassa, for å gjere køen raskare, og ikkje minst at dei skal rydde opp etter seg.



BIBLIOTEKET

Bibliotekar Heidi sin kvardag består i å bestille nye bøker, halde orden på biblioteket, samt planlegge omvising og orientering for elevane. Ho har fokus på å hjelpe alle elevar. Biblioteket var heilt nytt i byrjinga av 2012, og ligg rett ned trappa frå vestibylen, like ved administrasjonsfløya. På biblioteket er der bøker i dei fleste sjangrar, filmar, lyd bøker, teikneseriar og tidsskrifter. Der er mange sitjeplassar, og Heidi sørgjer for at der er ei god arbeidsro.

IT-AVDELINGA

Olav er IT-ansvarleg på skulen. Han har ansvar for alt av datamaskiner og elektronisk utstyr som tilhøyrer skulen. Har du dataproblem eller treng programvare så er han rette personen å spørje. Du finn han i første etasje i klasseromsfløya. Olav skal også sjå til at alle tilsette har gode datavilkår og gjer ting på rett måte. Han oppmodar elles elevane til å levere brukte batteri til han i staden for å kaste dei - då er du med på å halde skulen miljøvenleg.



SKULEKONTORET

Ned trappa ved kantina og rundt høgre hjørne finn du respsjonen med Eli, Anne Grete og Gerd Sofie. Her kan du bl.a. skaffe deg busskort om du pendlar til skulen, få svar på spørsmål om stipend, og hente brev frå Lånekassen. Om du vil byte fag, treng dokumentasjon på at du er elev hjå skulen (til studentrabattar o.l.) eller anna praktisk informasjon (t.d. timeplanar), så kan dei hjelpe deg med det også. Skulekontoret sel dessutan både Skuleguiden og musikal-DVD.





HELSESYSTER

Om du treng hjelp eller har spørsmål relatert til helse, så er Lisbeth her for deg. Du finn kontoret hennar i første etasje i klasseromsfløya, like ved rådgjevarane. Lisbeth kan levere ut gratis prevensjon, og har høve til å skrive ut resept til p-pillar. Ho er der for deg om du treng nokon å prate med, og vil hjelpe deg uansett kor lite eller stort problem du har. Lisbeth oppmodar elles alle til å få nok svevn og ete sunt og godt. Det er viktig å sjølv vere med på å passe eiga helse!



RÅDGJEVARANE

Randi og Kristian er rådgjevarane som kan gi deg sosialpedagogisk rådgjeving og yrkesrettleiing. Dei held til i første etasje i klasseromsfløya, ved sida av helsesystem og IT-ansvarleg. Dei kan óg hjelpe elevar med ulike faglege, sosiale og personlege utfordringar knytt til skulekvardagen. Målet deira er å finne den beste løysinga for deg, og dei har fleire instansar dei kan spele på lag med. Rådgjevarane har teleplikt, og du får ikkje fråvær om du vitjar dei.

REINHALDARANE

Grete, Bente, Monika, Margunn og Kirsten held skulen rein og helsevenleg. Dei er godt i gong med arbeidet allereie før dagen startar for oss andre. Reinholdarane har eit stramt tidsskjema, og då hjelper det på at elevane er flinke til å rydde opp etter seg. Om du har mista verdisaker som mobil og bankkort, tek dei dette med seg til arbeidsrommet i kjellaren i klasseromsfløya. Andre ting som jakker, skjerf og ladarar tek dei ikkje med seg, men du kan likevel spørje om dei har sett det du saknar.



VAKTMEISTRANE

Roger og Ronny er skulen sine vaktmeistrar. Treng du å få klipt av hengelåsen på skåpet ditt, eller har du behov for litt muskelkraft? Då kan vaktmeistrane hjelpe deg. Du finn dei rett utanfor den vestlege inngangen til øvre bygg; eller rundt omkring på skuleområdet, oppteken med plenklipping, snørydding eller anna vedlikehald. I vaktmeisterbuda har dei det meste av verkty, og disponerer også ein varebil dersom det skulle vere behov for det.





Trond Hjelseth
❖Rektor

Trond har som rektor ansvaret for å få skulen til å fungere. Han sørger for god dialog mellom elev, lærar og føresette, og er sentral i overordna planlegging av læringsopplegg. Kvardagen til rektor er ekstremt variert, der to dagar aldri er like. På fritida likar Trond å drive sportsfiske, lese bøker og høyre på musikk. Morten Abel, David Bowie og Queen er favorittane. Han er stort sett altetande, men favoritten er nok eit perfekt tilberedt fiskemåltid.



Ingeborg Øye Dahl
❖Ass. rektor

Ingeborg er assisterande rektor og kan hjelpe deg med spørsmål om både haust- og våreksamen, om vitnemål og kompetansebevis. Kvardagen hennar er uforutsigbar, og ho likar difor å planlegge kvar dag og helst liggje litt i forkant med arbeidet. På fritida si likar Ingeborg å vere saman med barnebarna, stelle med hus og hage, gå turar og spele golf. 80-tals musikk er favorittsjangeren, og i matvegen er det fisk som er favoritten.



Lisbet Ose
❖Avd.leiar,

Lisbet er avdelingsleiar for realfag og SA, og kontaktperson for OT (Oppfølgingstenesten). Ho kan hjelpe deg med fagval, ekstra tilrettelegging og klassebyte. Kvardagen til Lisbet er hektisk, men veldig kjekk. På fritida si trenar ho Pilates. Ho høyrer på all slags musikk, og favorittmaten er fisk.



Jørund Fet
❖Avd.leiar

Jørund er avdelingsleiar for dei fleste lærarane på ST. Elles har han mange oppgåver retta mot elevane. Han har ansvar for russen, elevråd og andre elevorganisasjonar. Hobbyane til Jørund er symjing og fjellturar. Han høyrer helst på blues, country og jazz, og et det meste.



Jan Terje Eidset
❖Avd.leiar

Jan Terje er avdelingsleiar for MU og MK. Han er også ansvarleg for kulturarrangement på skulen. Kvardagen til Jan Terje er variert sidan han også underviser på MK. Største hobbyen er musikk og lydproduksjon. Yndlingsmusikk er Pearl Jam, og favorittmat er Kleftiko.



Gunnar Sigve Aurdal
❖ Lærar MU



Siv Kristin Aurdal
❖ Lærar MU



Bjarne Austrheim
❖ Lærar fellesfag



Kirsten Jorunn Berg
❖ Reinhaldar



Yngvil Birkeland
❖ Lærar MU



Margun Bjerkvik
❖ Reinhaldar



Kjetil Bjørkedal
❖ Lærar fellesfag



Roger Bjørn Bjørkedal
❖ Vaktmeister



Åge Andre Brevik
❖ Lærar MK



Eva Ingeborg S. Brune
❖ Lærar fellesfag



Cecilie Haugen Dale
❖ Kantinepers.



Kjell Dale
❖ Lærar MU



Monika Siren Dalebø
❖ Reinhaldar



Hildur Sandstad Dalen
❖ Lærar MU



Hanne Benedicte Drablos
❖ Lærar fellesfag



Kjetil Johan Eiksund
❖ Lærar MU



Arnhild Grønnevik
❖ Lærar SA



Ståle Hansen
❖ Lærar MK



Bente Hasle
❖ Ped. leiar TK



Anja Heggen
❖ Lærar fellesfag



Eli Magnussen Hellebust
❖ Konsulent



Stephan Hestholm
❖ Lærar fellesfag



Marit Karoline Hjorthol
❖ Assistent



Heidi Holen
❖ Bibliotekar



Steinar Holstad
❖ Lærar SA



Kaisa Elin Holsvik
❖ Lærar fellesfag



Svanhild Holsvik
❖ Lærar fellesfag



Kristian Ingebrigtsen
❖ Rådgjevar



Randi Kalland
❖ Rådgjevar



Tone Klepp
❖ Lærar fellesfag

TILSETTE AU-KL

ANDRE:
Karl Alsaker, Ragnhild Engeset, Kai Johannes Evensen, David Gald, Kristinn Gudmundsson, Bente-Elin Johnsen



Trond Klepp
❖ Lærer fellesfag



Else-Marie R. Klokk
❖ Kantinepers.



Rolv Kornberg
❖ Lærer fellesfag



Håvard Kornberg
❖ Lærer MK



Gerd Sofie Langvatn
❖ Sekretær



Ingrid Maria Løfoll
❖ Lærer fellesfag



Tove Nilsen Løset
❖ Lærer fellesfag



Kristin Mork
❖ Lærer fellesfag



Atle Mostad
❖ Lærer SA



Arvid Mundal
❖ Lærer fellesfag



Lill-Johanne N. Mundal
❖ Assistent



May Charlotte Myklebust
❖ Lærer fellesfag



Olav Sandanger Myklebust
❖ Lærer fellesfag



Liss Hege Mørch
❖ Lærer fellesfag



Anne Natvig
❖ Lærer fellesfag



Anne Marta H. Opsal
❖ Lærer fellesfag



Ragnar Didrik Osdal
❖ Lærer fellesfag



Dace Dizbite Ose
❖ Lærer MK



Siv Heidi Osvoll
❖ Lærer fellesfag



Ragnhild Oterholm
❖ Lærer fellesfag



Rudina Robertsen
❖ Lærer fellesfag



Even Rotevatn
❖ Lærer fellesfag



Inger Rotevatn
❖ Lærer fellesfag



Grete Karin Skylstad
❖ Reinholdar



Stein Helge Solstad
❖ Lærer MU



Geir-Harald Sommerset
❖ Assistent



Hilde Steinnes
❖ Assistent



Merete Steinnes
❖ Lærer fellesfag



Lillian Stensaa
❖ Assistent



Bjørnar Sæterås
❖ Lærer fellesfag

TILSETTE KL-SÆ

ANDRE:

Sol Krogh Lillestøl, Alexander Minkov, Nils Ose, Inna Selyanina Svendsen



**Kristin Bakke
Sæterås**
❖ Lærer fellesfag



**Tjalve
Sorheim**
❖ Lærer fellesfag



**Bente
Søvik**
❖ Reinholdar



**Guro
Tafjord**
❖ Lærer fellesfag



**Torill Elise K.
Tafjord**
❖ Lærer MK



**Per
Torheim**
❖ Lærer fellesfag



**Egil
Trandal**
❖ Lærer SA



**Olav
Trandal**
❖ IT-ansvarleg



**Margrete
Trovåg**
❖ Lærer fellesfag



**Anne Marta V.
Vadstein**
❖ Lærer MU



**Stein Henrik
Vartdal**
❖ Lærer MU



**Anne Grete
Vatne**
❖ Konsulent



**Mette-Karin
Vik**
❖ Lærer fellesfag



**Øyvind
Vorren**
❖ Lærer fellesfag



**Jorid
Vårdal**
❖ Lærer MK



**Lars
Ørstavik**
❖ Lærer fellesfag



**Linn Jeanett D.
Øye**
❖ Lærer fellesfag



**Ronny
Aam**
❖ Vaktmeister



**Liv
Åm**
❖ Lærer fellesfag



**Egil
Åslid**
❖ Lærer MU

TILSETTE SÆ-ÅS

ANDRE:

*Agnethe Sissel Teige, Svein Erik
Åmås*

VOLDA KOMMUNE

Volda har i 2013 over 8800 innbyggjarar. Eit kreativt studentmiljø og eldsjeler innan kulturliv gjer den vesle bygda til ein god plass å bu, jobbe og studere.



Volda kommune ligg sentralt midt i storregionen Søre Sunnmøre, knytt saman av Kvivsvegen og Eiksund-sambandet. Med Ørsta berre ei mil unna og med korte avstandar til resten av regionen, har du tilgang til eit mangfald av fritidstilbod.

Er du glad i **idrett** er her mykje å velje i. Volda har fleire treningssenter og idrettsarenaer, som tilbyr organisert aktivitet innanfor fotball, handball,

volleyball, symjing, bordtennis, golf, ballett - og langrenn, alpint, skiskyting, telemark og ekstremспортfestivalen X2 på vinterstid.

Er du glad i **natur** så er Volda omgitt av vakre fjell og fjordar som byr på mange flotte opplevingar heile året. Andre aktuelle **aktivitetar** kan vere å delta i kor, band, korps, speidar og deltaking i diverse organisasjonar. Er du kulturinteressert er det høve til å

”Då eg kom heim til Volda som student, var det som om eg hadde funne Narnia i skapet på romet mitt”

- Ung volding, sitat frå
www.studiebygda.no

delta på mange spanande **arrangement**, mellom anna dokumentar- og animasjonsfilmfestival, studentveka og ei rekkje konsertar i alle slags sjangrar. **Er du svolten** kan du vitje ein av dei mange restaurantane og kaféane i bygda. **Skal du møte ein ven** så har både Volda og Ørsta eige ungdomshus og eigen kino. **Vil du shoppe** så finst det kjøpesenter med gode og varierte butikktilbod i begge bygdene.



**VOLDA
KOMMUNE**



1

2

3

4

6

7

8

9

10

11

12

13

14

15

16

5

1. **Volda skisenter**
Reset
2. **Årneset**
Årnesvegen (badeplass)
3. **Volda stadion**
Stadionvegen
4. **Høgskulen i Volda**
Jopllassvegen 11
5. **Volda vidaregåande skule**
Vevendelvegen 35
6. **Spinneriet / Stamina HOT**
Industrigata 12 (kjøpesenter, treningssenter)
7. **Studenthuset Rokken**
Industrigata 12 (konsertstad, kafé)
8. **Aktiv Trening**
Hamnegata 14 (treningssenter)
9. **Aarseth Trafikkskule / Rotevatn Trafikkskule**
Snippa
10. **Telebygget Ungdomshus**
Rådhusgata 4
11. **Brun og blid**
Rådhusgata 4 (solsenter)
12. **Maria's Restaurant og Pizza Bar / Naustet Grill**
Hamnegata
13. **Det Grøne Treet**
Halkjelsgata 8B (kafé)
14. **Volda Folkebibliotek**
Stormyra 2
15. **Volda Filmteater**
Volda Samfunnshus (kino)
16. **Munken**
Ørstavegen (badeplass)



På www.studiebygda.no/stadar finn du eit omfattande og detaljert kart med heile 157 oppføringar, inkludert ei kort skildring og lenke til aktuelle nettstadar.

STUDIE- SPECIALISERING

Fag og time-
fordeling vg1

Totalt 30 timar pr. veke

2 KROPPSØVING

2 GEOGRAFI

3 SAMFUNNSFAG

4 NORSK

4 FRAMANDSPRÅK

5 ENGELSK

5 MATEMATIKK

5 NATURFAG

KVA KAN DU BLI?

Det du kan verte etter å ha gått ST, er avhengig av kva programområde og programfag du vel på vg2 og vg3. Ettersom dette er det programmet som tilbyr det breiaste grunnlaget for vidare studium, har du gode høve til å oppfylle framtidsdraumane dine.

KVIFOR VELJE ST?

Dersom du likar samfunnsfag, naturfag, historie og språk, eller du veit du vil trenge realfag for å kome inn på ynskja utdanning etter vidaregåande skule, så bør du velje studiespesialisering. På ST får du breie fagkunnskapar innanfor dei fleste fagfelt, og opparbeider deg nyttige allmennkunnskapar for framtida.

BLA OM!

Presentasjon av utdanningsprogrammet, 1ST1, 1ST2, 1ST3, 1ST4, 1TK1, 2ST1, 2ST2, 2ST3, 2ST4, 3ST1, 3ST2, 3ST3, 3PB1 og 3PB2

STUDIESPESIALISERING

Dersom du tenkjer å søkje på ST må du like å arbeide med teoretiske fag. ST er det programmet som gjev deg det breiaste grunnlaget for vidare utdanning.



Har du framtidsdraumen klar bør du velje fag med omhu. Kva programområde og -fag du vél, kan avgjere om du endar opp med generell eller spesiell studiekompetanse.

Spansk, tysk og fransk er dei tre framandspråka du kan fordjupe deg i på ST. Når det gjeld matematikk kan du på vg1 velje mellom teoretisk eller praktisk matte. Der er óg idrettsfag, der det er mogleg å velje mellom

toppidrett eller breiddeidrett, som kjem i tillegg til dei ordinære timane i kroppsøving.

Skulen tilbyr også **Påbygging til generell studiekompetanse (PB).**

Dette er eit studietilbod som gir generell studiekompetanse til dei som har fagbrev eller har fullført vg1 og vg2 på eit yrkesfagleg utdanningsprogram. I tillegg tilbyr vi **Særskilt tilrettelagt opplæring**


”Du kan velje blant mange spanande alternativ, alt etter kva som interesserer deg: idrett, språk, eksperiment, rettslære og mykje meir.”

- Kristina Aarsheim Johnsen,
om valfridomen på ST

(TK) som er eit tilbod til dei som av ulike grunnar ikkje kan følgje ordinære utdanningsprogram.

Ved å velje Studiespesialisering opnar du mange dører:

det finst mange vegar du kan gå, og sidan ST er det utdanningsprogrammet som gjev deg det breiaste grunnlaget for vidare utdanning, får du gode føresetnadar for å oppfylle framtidsdraumane dine.



STUDIE- SPECIALISERING

**MUSIKK, DANS
OG DRAMA**

Fag og time-
fordeling vg1

Totalt 35 timar pr. veke

2 LYTTING

4 NORSK

5 MATEMATIKK

4 FRAMANDSPRÅK

5 NATURFAG

5 ENGELSK

5 KOR, DANS, DRAMA

5 TEORI, INSTRUMENT, SAMSPEL

KVA KAN DU BLI?

Med generell studiekompetanse har du grunnlag for vidare studium på høgskule og universitet. Mange musikkelevar held fram med vidare musikkstudium etter vidaregåande, og fleire har valt musikk, dans eller drama som levebrød.

KVIFOR VELJE MU?

Dersom du er interessert i å spele eit instrument individuelt eller i lag med andre, eller om du likar skodespel og dans, er dette retninga for deg. Du vil møte mange kreative medelevar, og du får høve til å vise og utvikle ditt eige musikalske talent.

BLA OM!

Presentasjon av utdanningsprogrammet, 1MU1, 2MU1, 3MU1

MUSIKK, DANS OG DRAMA

Har du tankar om å gå MU, bør du like å jobbe med, lytte til, og produsere musikk, då det er mykje av dette. Og helst kunne spele eit instrument.



Musikk, dans og drama er eit populært utdanningsprogram med svært mange søkjarar, noko som gjer at det er stor rift om plassane.

I tillegg til kravet om fullført grunnskule, kan ein bli kalla inn til opptaksprøve der ein skal vise dugleikane sine med instrument eller song. Dette kan påverke om du kjem inn eller ikkje, dersom du i utgangspunktet ikkje hadde gode nok karakterar. Det er også ein del fellesfag

på musikklinja, så gode allmennekunnskapar kjem godt med.

Utdanninga på MU går over tre år. Etter endt vg3 har du generell studiekompetanse, og kan til liks med alle andre som har generell studiekompetanse søkje på ei lang rekkje høgskular, universitet og liknande omkring i landet. Du vil i tillegg bli prioritert på somme musikkutdanningar, om du har gode karakterar.

”Å delta på musikalen er ei heilt fantastisk oppleving! Eit heilt unikt samarbeid der lærarar og elevar knyter band gjennom sang, musikk og glede!”

- Helenah Mpanza Lindalen,
om musikalprosjektet på MU

Den største hendinga i løpet av skuleåret er den årlege musikalen som musikklinja set opp saman med medielinja kvar vinter. Her framfører musikkelevane det dei har øvd på i månadar, for fullsette salar. Volda er einaste skulen i fylket som har musikalprosjekt kvart år, og alle tre årstrinna på utdanningsprogrammet får ta del i prosjektet. I tillegg arrangerer MU fleire konsertar i løpet av året, både på skulen og i lokalmiljøet.



**MUSIKK, DANS
OG DRAMA**

MEDIUM OG KOMMUNIKASJON

Fag og time-
fordeling vg1

Totalt 35 timar pr. veke

2 NORSK

3 MATEMATIKK

2 NATURFAG

3 ENGELSK

2 KROPPSØVING

5 MEDIEKOMMUNIKASJON

6 MEDIEDESIGN OG MEDIEUTTRYKK

6 MEDIEPRODUKSJON

6 PROSJEKT TIL FORDJUPING

KVA KAN DU BLI?

Etter tre år på MK får du generell studiekompetanse som gir høve til vidare studium ved høgskular og universitet. Ein kan også gå ut i lære etter vg2, og såleis få yrkeskompetanse. Det finst eit hav av ulike yrke i mediebransjen, ein bransje som er i stadig utvikling.

KVIFOR VELJE MK?

MK høver for deg som er kreativ, samarbeidsviljug, sjølvstendig, positivt innstilt, tek utfordringar på strak arm og er interessert i og vil lære meir om ulike medium. Du bør ha planar om å jobbe i mediebransjen, og må vere innstilt på mykje hardt arbeid. På MK får du delta på ulike festivalar, som dokumentarfilmfestivalen og animasjonsfilmfestivalen i Volda - både med eigne produkt og som publikum.

BLA OM!

Presentasjon av utdanningsprogrammet, 1MK1, 2MK1, 3MK1

MEDIUM OG KOMMUNIKASJON

Du må ha gode karakterar om du vil søkje på MK; her er nemleg stor konkurranse om plassane. MK er kjent for svært gode klassemiljø, der kreativiteten kan bløme.



På Medium og kommunikasjon går det meste av undervisninga føre seg gjennom prosjektarbeid. Du må difor like både sjølvstendig arbeid, samt ha gode samarbeidsevner.

Skal du søkje på MK bør du kunne evne å lære deg avansert utstyr og komplekse program, like å skrive, fotografere, filme, og vere kreativ! Etter tre år på MK får du generell studiekompetanse, eller du kan gå ut i lære etter vg2.

I tillegg til mediefaga, kan ein velje å fordjupe seg innanfor eit emne. Dette faget vert kalla **Prosjekt til fordjuping** (PTF). Her kan elevane velje mellom emna foto, web, film, lyd og klassisk animasjon.

Som MK-elev får du kvart år delta på *Den norske dokumentarfilmfestivalen* og *Animation Volda*, og ikkje minst: *MK-Oskar*. Sistnemde er medielinja sin eigen variant av den meir kjende

”Etter vel 2 år på MK har eg absolutt fått utløp for kreativiteten min! Varierte oppgåver innanfor film, lyd, tekst og journalistikk har gitt meg høve til å prøve ut ideane mine.”

- Peder Grimstad Helset,
om den kreative fridomen på MK

Oscar-utdelinga, der elevane sjølve kan nominere produkt ein har laga gjennom skuleåret og konkurrere om prisar i ulike kategoriar.

Medielinja set også opp musikalen kvart år saman med musikklinja - ein storstilt produksjon som strekkjer seg over to månadar. Vg2-elevane lagar dessutan kvart år denne skulebrosjyren som du no held i handa, heilt frå idé til ferdig produkt.



MEDIUM OG KOMMUNIKASJON

SERVICE OG SAMFERDSEL

Fag og time-
fordeling vg1

Totalt 35 timar pr. veke

2 NORSK

2 NATURFAG

2 KROPPSØVING

3 MATEMATIKK

3 ENGELSK

5 KOMMUNIKASJON OG SERVICE

6 PLANLEGGING

6 DRIFT OG OPPFØLGING

6 PROSJEKT TIL FORDJUPING

KVA KAN DU BLI?

Etter eventuelt fullført læretid, så er vegen ofte kort til fast arbeid innanfor butikkfaget, kontor og administrasjon eller vektar/tryggleik. I staden for å gå ut i lære kan du velje Påbygging til generell studiekompetanse og studere vidare på høgskular og universitet.

KVIFOR VELJE SA?

Om du går SA vil du få opplæring i korleis du kan selje og oppføre deg overfor kundar. Du vil lære å starte eiga bedrift der de lagar, marknadsfører og sel eit produkt. Ungdomsbedrifta plar delta på den regionale fylkesmessa, der ein kan avansere til både nasjonale og internasjonale finaler.

BLA OM!

Presentasjon av utdanningsprogrammet, 1SA1 og 2SA1

SERVICE OG SAMFERDSEL

Du som vel SA bør vere høfleg, imøtekomande og serviceinnstilt. Kontakten med kundar og andre menneske er ein viktig del av arbeidet ditt seinare.



På Service og samferdsel får du vere med på mykje spanande gjennom både praktisk og teoretisk arbeid. Eit sentralt element er arbeidet med ungdomsbedrift (UB) gjennom faget Prosjekt til fordjuping (PTF).

Gjennom UB får de vere med å etablere og styre dykkar eiga bedrift, planleggje og produsere eigne produkt, og til slutt marknadsføre og selje produktet. I løpet av skuleåret skal du òg ha to veker

med utplassering i bedrift - ei veke i første halvår og ei veke i andre halvår.

Service og samferdsel gir deg høve til å utvikle dine økonomiske kunnskapar, lærer deg å vere serviceinnstilt og korleis du skal behandle kundar av alle slag.

Volda vidaregåande skule tilbyr vg1 **Service og samferdsel** og vg2 **Sal, service og tryggleik**. Etter fullført vg2

"Gjennom møte med kundar føler ein at ein får nyttig kunnskap om livet som vaksen."

- Adrienne Eikrem,
om praksisen på SA

kan du velje eit tredje år med påbygging til generell studiekompetanse, eller å bli lærling i ei bedrift.

SA ved Volda vgs har vunne fleire prisar på fylkesmessa for ungdomsbedrifter, og har også delteke i NM.

Kan du tenkje deg eit yrke innan sal, reiseliv, transport, kontorarbeid, IKT og tryggleik (vektartenester), så er SA noko for deg!




SERVICE OG SAMFERDSEL



7. februar

Det blir funne hestekjøt i Findus sin Lasagne



13. mars

Frans I tok over som pave etter Pave Benedict XVI

JAN

FEB

MARS

APRIL

MAI

JUNI



8. februar

100 år sidan allmenn stemmerett i Noreg




22. juli

Prins Georg av England vart fødd



5. august

Ivar Aasen blei
200 år



6. september

Ylvis kom ut med
"The Fox"

JULI


AUG

SEP

OKT


NOV

DES



25. august


Miley Cyrus
vakte oppsikt
under VMA



9. september

Stortingsval og
eit nytt politisk
landskap i Noreg





PRAKTISK INFORMASJON

Spørsmål om eksamen?

Kontakt ass.rektor Ingeborg på 700 59 307

Spørsmål relatert til elevråd, russ eller OD?

Kontakt avd.leiar Jørund på 700 59 306

Spørsmål om faginntak og fagval?

Kontakt avd.leiar Lisbet på 700 59 305

Har du datatrøbbel?

Kontakt IT-ansv. Olav på 700 59 345

Har du mista verdisaker?

Kontakt vaktmeister Ronny på 934 11 467
eller reinhaldar Bente på 916 41 455

Har du personlege eller faglege problem?

Kontakt rådgjevarane Kristian på 700 59 324
eller Randi på 700 59 323, eller helsesyster Lisbeth på 700
59 325

Har du andre spørsmål?

Kontakt Skulekontoret på 700 59 300

Opningstider

Kantina: 09:30 – 13:30

Biblioteket: 08:00 – 15:10

Skulekontoret: 08:00 – 15:10

Viktige datoar



5/10 - 13/10: *Haustferie*



31/10: *Halloween*



21/12 - 5/1: *Juleferie*



14/2: *Valentine's Day*



15/2-23/2: *Vinterferie*



12/4-21/4: *Påskeferie*



17/5: *Nasjonaldag*



21/6: *Sumarferie*

KLASSA MI



VOLDA
vidaregåande skule

Vevendelvegen 35
6100 Volda

Tlf: 700 59 300
Faks: 700 59 350

volda.vgs.no | volda.vgs@mrfylke.no

Skuleguiden 2013-14 er laga av: Magnar Aunmo, Gabriella Adams Bratteberg, Linn-Therese Myklebust Brautaset, Simon Risnes Dagfinrud, Stephan Mauger Ervik, Amalie Botn Heltne, Maria Kristin Homlong, Eirik Sætre Hove, Guro Osborg Kvammen, Nina Hanebrekke Langeland, Hanne Elisabeth Lia, Tor Henrik Melle, Karen-Elise Myklebust, Aleksander Myrene, Ingrid Nordli, Idunn Osdal, Lisa-Beth Haugen Rise, Mathea Myrene Stokke, Malene Smoge Sævik, Olav Standal Tangen, Evy Karoline Vatne, Guro Lindvik Velsvik, Ingrid Romestrand Aarseth